



Frode Myking

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/140 - 15/744

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

19.01.2015

Nattcup referat 19. januar

Møtestad: Kommunestyresalen

Møteleiar: Øyvind Askeland

Tilstade:

Ungdom: Stian Risnes, Øyvind Askeland, Steffen Vestheim Sævdal, Ørjan Lunde, Jonas Morken Reigstad, Aleksander Rikstad, Maria Murberg, Mathilde Blommedal Bauge, Mariell Elvik.

Frå Hordabø idrettslag møtte Christian Næss.

Sekretær og kontaktperson: Ungdomskoordinator Katarina Birkeland.

Radøy ungdomsklubb arrangerar nattcup saman med Radøy/ Manger fotballcup og Hordabø idrettslag fredag 27. februar i vinterferien. Cupen vert i Radøyhallen for ungdom mellom 7.kl-2.VGS.

Det vert tre turneringar. Ein for jentar mellom 7.kl-2.VGS og to for guttar, ein mellom 7.kl-9.kl og ein frå 10.kl-2.vGS.

Påmeldingsfrist en er satt til søndag 22. februar. Frist til å melde seg av er fredag 20.februar. Lag som melder seg av turneringa etter den 20. februar får ikkje pengane tilbake. Det kostar 350 kr per lag. Det er betaling ved påmelding til Jonas eller til Steffen. Katarina har ansvaret for pengane.

Markedføring: Jonas og Steffen har ansvaret for å opprette eit facebook arrangement.

Øyvind og Mariell kontakter barneskulane og reiser rundt i 7.klassene for å informere om nattcupen.

Steffen, Mathilde og Maria går rundt i klassenepå ungdomsskulen å informerar om cupen.

Alle informerer om cupen til vennane sine, på facebooksidane sine og oppfordrar ungdom til å melde seg på.

Dommare og kampoppsett: Øyvind samarbeider med Radøy/Manger fotballklubb og Hordabø idrettslag om å skaffe dommare. Katarina sett opp kampoppsett.



Om laga: Det kan være 5-7 spelarar på kvart lag. Jentar kan spele med guttane, men guttane kan ikkje spele med jentane. Ein person frå 9.kl og nedover kan delta i den eldste turneringa. Spelarar kan bare delta i ei turnering.

Tribuna vert open for alle over 7.klasse, og det er gratis å sjå på. Barn under 7.klasse må komme i følge med vaksne.

Vaktar: 2 -3 voksner er vaktar. Katarina har ansvaret for at alt går fint for seg.

Arbeidsoppgåvar:

Sekreteriatet: Ørjan, Mariell og Aleksander har ansvaret for sekretariatet. Delar kvelden opp i seks der dei sitt i to periodar kvar. Dei finn to personar kvar til å site saman med dei i sekretariatet. Dei haer ansvar for mikrofonen, tavla, og skrive poengsum osv. Må ha det klart før 8. februar.

Kiosken: Stian og Maria har ansvaret for kiosken og finne 4 personar til å stå i kiosken.

Alt mulig dame: Mathilde har ansvaret for å sjekke garderober, toalett, rydde tribuna osv.

Regler: Me følger Mangercup reglane. Øyvind skaffer oss desse.

Premier: Det vert premie til 1-3 plass i dei ulike turneringane. Dei får ein pokal + medaljer til alle på laga. Det vert også kåra toppcorar (jente/gut), fairplay pris, beste lag namn. Øyvind høyrar med Radøy/ Manger fotballklubb om bruk av vandrepokal til dei som vinn superfinalen. Vandrepokalen skal stillas ut i ungdomens hus.

Neste møte vert måndag 9.februar kl. 17.00 på rådhuset.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Frode Myking